

SAK 8 - INNKOMNE FORSLAG

1. Forslagsstiller: ØRSTA ARBEIDERPARTI

Forslag: **Ny Nasjonal plan for å styrke habilitering og rehabilitering**
I den seinare tid har vi opplevd at eit trygt, fagleg og kvalitetsmessig godt rehabiliteringstilbod, Mork senter, blir forsøkt nedlagt i vårt område. Dette er svært uheldig. Samfunnet er avhengig av at folk kan få god og tilstrekkeleg behandling for så å kunne kome heim og attende i arbeid.

Begrunnelse: Rehabilitering har hatt lav politisk prioritet dei siste ti-åra. Den siste stortingsmelding om rehabilitering kom for over 20 år siden (St.meld. nr. 21, 1998–99). Det sto der at «rehabiliterings-/habiliteringstilbodet er i dag i for stor grad prega av manglande planlegging og koordinering, uklare ansvarsforhold og for lite medverknad frå brukarane sjølv». Etter over 20 år er dette framleis slik.
Rehabilitering har gode mål:

- betre funksjon
- gjenvinne/stabilisere funksjon
- forebygge funksjonstap
- meistre kvardagslivet sine aktivitetar
- delta i samfunn- og arbeidsliv
- auka livskvalitet

Livsnødvendige tiltak for innbyggjarane!
Framtidsretta helsetenester må formast i tett samarbeid med brukarane.

Innstilling: Se forslag 77.

2. Forslagsstiller: MOLDE ARBEIDERPARTI

Forslag: **En pensjon å leve av**
Arbeiderpartiet vil:

- Som hovedregel skal pensjonsdannelsen i Norge skje på lik linje med den gjennomsnittlige generelle lønnsøkning.
- Landets minstepensjonister skal få sin pensjon hevet til et nivå det er mulig å leve av.

Begrunnelse: Pensjon er utsatt lønn og må derfor håndteres med samme respekt og på lik linje med den generelle lønnsøkning i landet vårt. De fleste av pensjonistene i Norge har de siste 7 år på grunn av underreguleringen av pensjonene, fått en sterk reduksjon i sin kjøpekraft.
Det er ca. 145.000 minstepensjonister i Norge. En relativt stor andel av disse er kvinner. Nivået på den norske minstepensjon ligger under EUs fattigdomsgrense og må derfor få et løft. Arbeiderpartiet må stille seg i spissen for et slikt løft.

Innstilling: Møre og Romsdal Arbeiderparti mener pensjonene må justeres på et nivå som gjenspeiler lønnsutviklinga i Norge. Spesielt må landets minstepensjonister få hevet pensjonen sin til et nivå det er mulig å leve av.

3. Forslagsstiller: MOLDE ARBEIDERPARTI

Forslag: **Forslag for en bedre vannkvalitet**

Arbeiderpartiet etterlyser mer ressurser til kommunene for en mer effektiv implementering av vanndirektivet. Vi ber om at regjeringen vurderer konsekvensene av brudd på Rammedirektivet for vann. Regjeringen må også gå igjennom oversettelsene av EU-direktiv, for å sikre at innholdet i norsk oversettelse er i tråd med opprinnelig direktiv.

Begrunnelse: Rammedirektivet for vann samsvarer ikke med 2000/60/EC WFD § 1, fordi det fastsetter miljømål uten å fastsette at all forringelse av kystvannet er forbudt. I tillegg, ny aktivitet eller nye inngrep i en vannforekomst (§ 12) kan gjennomføres selv om dette medfører at miljømålene i § 4–§ 7 ikke nås eller at tilstanden forringes. Enkelte kommuner har for lite kunnskap i å vurdere § 12 i vannforskriften vilkår a,b,c som må være oppfylt.

Innstilling: Møre og Romsdal Arbeiderparti mener kommunene må tilføres nok ressurser til å implementere vanndirektivet. MRAP ber regjeringen sikre at innholdet i norsk oversettelse er i tråd med opprinnelig EU-direktiv.

4. Forslagsstiller: MOLDE ARBEIDERPARTI

Forslag: **Aldersgrense for kjøp av energidrikke**
Arbeiderpartiet ønsker nasjonal 16-års aldersgrense for kjøp av energidrikke.

Begrunnelse: I dag er det opp til daglegvarebransjen selv å regulere salg av energidrikke. Denne selvjustisen fungerer ikke. Salget av energidrikke til ungdom har de siste åra auka betydeleg, samstundes med at den offentlege tannhelsa registrerar betydeleg auke i syreskader på tennene i same aldersgruppe. Nokre av produsentane merkar boksene med "anbefales ikke til konsumenter under 18 år", som tyder på at dei ønsker innføring av aldersgrense. Ugunstige helseeffektar som fare for hjertestans, sømnvanskar, konsentrasjonsvanskar og abstinensar underbygger at dette er ei vare som treng regulering.

Innstilling: Møre og Romsdal Arbeidarparti ønsker nasjonal 16-års aldersgrense for kjøp av energidrikke.

5. Forslagsstiller: MOLDE ARBEIDERPARTI

Forslag: **Utrekning av samfunnstjeneste for ungdom**
Etter fullført videregående opplæring ønsker mange ungdomar eit år utan skulegang. Tida er inne for innføre samfunnstjeneste. Ungdom kan da anten gjennomføre førstegangstjeneste eller lik tidsperiode i samfunnstjeneste. Dette bør utredast snarast.

Begrunnelse: Mange ungdommar er usikre på valg av høgare utdanning etter endt vgs. Å gje ungdom eit pauseår, der dei mellom anna kan avtjene samfunnstjeneste i offentlig verksemd eller i frivillige lag/organisasjonar, vil kunne ha mange gode effektar. Mellom anna vil ungdom vil oppleve modning.

Innstilling: Sjå framlegg 22.

6. Forslagsstiller: HERØY ARBEIDERPARTI

- Forslag:** Årsmøtet for Møre og Romsdal Arbeiderparti 2023 erkjenner med stigande uro at ei lita, men ueinsarta gruppe medmenneske imellom oss, dei papirlause, faktisk ikkje vert rekna som ein del av det offentlege fellesskapet. Dette opplevast som ein hjarteskjærande sosial brest for oss som til dagleg hyllar eit menneskesyn tufta på dei sosialdemokratiske verdiane.
Møre og Romsdal Arbeiderparti krev at Regjeringa straks finn ordningar som ivaretek menneskerattane også for desse menneska!
- Begrunnelse:** Iflg UDI var det ved utgangen av 2022 445 papirlause asylsøkarar i norske mottak. Kor mange som oppheld seg utanfor mottak har ingen oversikt over. Vi har å gjere med ei mykje ueinsarta gruppe menneske, dei fleste med ei særskilt vond fortid og i ein kritisk livssituasjon. Desse lever imellom oss utan det vern og den støtte alle menneske har krav på, jfr FN sine menneske-rettar. Felles for dei er likevel at dei ikkje kan eller vågar reise attende til det som ein gong var heimlandet deira.
Eit amnesti vart forsøkt etablert for dei med høgast alder og lengst opphald i landet (2021-22), men handhevinga av dette vart så strengt praktisert at berre eit lite mindretal av søkarane fekk hjelp. Det viser seg m.a. at dei krava norske myndigheiter for tida stiller til bevisførsel i asylsaker ofte blir heilt urimelege ut ifrå sakene sin kompleksitet. Vi viser elles til paragraf 39, 1. ledd i Utlendingslova: «Det kan gis oppholdstillatelse selv om de øvrige vilkårene i loven ikke er oppfylt dersom det foreligger sterke menneskelige hensyn eller utlendingen har særlig tilknytning til riket.» Vi bed difor om at det blir lagt til rette for ei rausare praktisering av det prinsippet som lova her artikulterer. For mange i denne gruppa er situasjonen prekær. Felles for dei er at dei, gjerne etter mange år i landet, framleis ikkje kan sjå noko håp om eit menneskeverdig liv nokon stad.
- Innstilling:** Sjå framlegg 19.

7. Forslagsstiller: SUNNDAL ARBEIDERPARTI

- Forslag:** Inntektssystemutvalgets forslag om en egen inntektsutjevningsordning for eiendomsskatt på kraftanlegg og petroleumsanlegg mv., konsesjonskraft og havbruksinntekter avvises.
- Begrunnelse:** Sunndal Arbeiderparti finner det sterkt urimelig at eiendomsskatt på kraftanlegg og petroleumsanlegg mv., konsesjonskraft og havbruksinntektene, som i hovedsak kommer distriktskommuner til del, skal inngå i en egen utjevningsmodell mellom kommunene, på siden av den ordinære inntektsutjevningen. Spesielt siden Inntektssystemutvalget samtidig foreslår at eiendomsskatt på andre næringseiendommer samt utbytteinntekter fra eierskap i kraftsektoren ikke skal inntektsutjevnes. For det første, underminerer dette prinsippet om at vertskommuner som stiller areal og naturressurser til rådighet for næringsvirksomhet skal bli økonomisk kompensert for dette. For det andre, vil et slikt grep være et distriktsfiendtlig, og først og fremst overføre verdier fra distriktskommuner til byer og kommuner i sentrale strøk. Dette fordi vertskommunene til kraft- og havbruksanlegg i det vesentlige er distriktskommuner som er rike på naturressurser, mens eierne av kraftverk i det vesentlige er større bykommuner og fylkeskommuner. Verdifulle næringseiendommer ut over

kraftanlegg, havbruksanlegg og industrianlegg ligger også i det vesentlige i byer og sentrale strøk.

Innstilling: Oversendes redaksjonskomitéen og ses i sammenheng med foreslåtte endringer inntekter for fylkeskommunene.

8. Forslagsstiller: SUNNDAL ARBEIDERPARTI

Forslag: Konsekvenser av industriaktivitet må kompenseres lokalt. Det skal igjen innføres mulighet for kommunene til å skrive ut eiendomsskatt på produksjonsutstyr og installasjoner i store industrianlegg, slik eiendoms-kategorien «verk og bruk» åpnet for fram til 2019.

Begrunnelse: Industrianlegg legger beslag på store og ofte sentrums- og sjønære arealer i vertskommunene. Industriaktiviteten påvirker også naturen i kommunene, og aktiviteten krever mye tilrettelegging av infrastruktur og annet. Kommunal eiendomsskatt er å anse som en rettmessig økonomisk kompensasjon for dette. Fra og med skatteåret 2019 er nye regler for den kommunale eiendomsskattlegging av verk og bruk. Disse reglene ble vedtatt av H, FrP, V og KrF. Arbeiderpartiet var imot endringene. Etter de nye reglene skal produksjonsutstyr og -installasjoner 16 som hovedregel ikke inngå i eiendomsskattegrunnlaget for industribedrifter. Endringen innebærer at kategorien «verk og bruk» ble avviklet fra 2019, mens eiendomsskatt for vannkraftverk, kraftnett, vindkraftverk og petroleumsanlegg med særskatt ble videreført som tidligere. Kommunenes inntekter fra eiendomsskatt på produksjonsutstyr og -installasjoner fases gradvis ut over syv år. Kommunene som ble sterkest berørt, får en delvis kompensasjon for inntektsbortfallet som skyldes denne endringen over statsbudsjettet. For en industrikommune som Sunndal betyr endringene et samlet årlig tap på 31 mill når eiendomsskatten på verk og bruk er faset ut i 2025. For 2023 utgjør inntektstapet 21,4 mill, mens kompensasjonen utgjør 5,8 mill. Det kan nevnes at Hydro Sunndal, den største industribedriften i kommunen, hadde et overskudd på 6 000 mill i løpet av de tre første kvartalene i 2022.

Innstilling: Oversendes redaksjonskomitéen og ses i sammenheng med foreslåtte endringer inntekter for fylkeskommunene.

9. Forslagsstiller: SUNNDAL ARBEIDERPARTI

Forslag: Bevar den norske strømprisfordelen. Arbeiderpartiet skal utvikle og iverksette en nasjonal strategi for å sikre rimelig strømpris til både husstander og bedrifter, og som ivaretar den historiske strømprisfordelen Norge har hatt som følge av vannkrafta og tilgangen på fornybar energi til lavere pris enn landene vi konkurrerer med

Begrunnelse: Som følge av energiloven av 1991, er kraftomsetningen i Norge markedsbasert, og strømprisene bestemmes av auksjonene på NordPools kraftbørs, altså av hvor mye kjøperne er villige til å betale. Gjennom utstrakt bygging av strømkabler til Europa, herunder NordNed-kabelen til Nederland, Skagerak 4-kabelen til Danmark, NordLink-kabelen til Tyskland og NorthSeaLink-kabelen til England, er kraftsystemet i SørNorge (kraftregion NO, NO2 og NO5) deretter koblet sammen med høyprisområder for strøm på kontinentet og i Storbritannia. Norge har nå

overføringskapasitet for over 75 TWh. Over halvparten av vår normale årlige strømproduksjon. Langt mer enn vi trenger for å sikre forsyningssikkerheten i tørrår. Denne eksportkapasiteten til høyprismarkeder har lagt til rette for import av høyere strømpriser til Sør-Norge. Dette opplever Sør-Norge nå til fulle som følge av energikrisa i Europa, forverret av den tragiske krigen i Ukraina. Dette deler også Norge i to med tanke på strømpris. Midt- og Nord-Norge går foreløpig klar av de verste utslagene av den sør-norske kraftpriskrisa fordi kapasiteten for overføring av strøm fra nord til sør er for dårlig. Disse landsdelene er rett og slett ikke fullt koblet på systemene for eksport av strøm til og import av strømpriser fra europeiske høyprismarkeder, noe som skaper uholdbare forskjeller i strømprisen til husholdninger og bedrifter i sør og nord. Det største og mest uholdbare problemet er likevel at strømprisfordelen, Norges historiske konkurransefordel med lavere strømpriser enn landene vi konkurrerer med blir skuslet bort.

Innstilling: Oversendes redaksjonskomitéen for en helhetlig uttalelse om kraft.

10. Forslagsstiller: SUNNDAL ARBEIDERPARTI

Forslag: Nok kraft for framtida. Arbeiderpartiet skal utvikle og iverksette en nasjonal strategi for å framskaffe nok fornybar energi for å gjennomføre det grønne skiftet og bygge nye næringer til erstatning for oljeindustrien. Kraftutvekslingen med utlandet skal i størst mulig grad begrenses til overskuddskraft.

Begrunnelse: De neste tiårene skal Norge elektrifisere samfunnet og bygge nye næringer som batterifabrikker, hydrogenproduksjon og ny prosessindustri. Dette vil kreve enorme mengder strøm. I dag produserer Norge om lag 150 TWh i et normalår. I følge Prosess21, strategisamarbeidet for norsk prosessindustri, må Norge fram mot 2050 skaffe fram 65 TWh mer strøm for å sikre bærekraftige betingelser for denne utviklingen. Over 40 prosent mer strøm enn Norge produserer i dag. Da kan vi ikke gjøre denne krafta tilgjengelig for resten av Europa, der strømmen er betydelig dyrere, og dermed legge til rette for å importere skyhøye kraftpriser tilbake.

Innstilling: Oversendes redaksjonskomitéen for en helhetlig uttalelse om kraft.

11. Forslagsstiller: SUNNDAL ARBEIDERPARTI

Forslag: Arbeiderpartiet må jobbe aktivt for en boligsosial handlingsplan, som også inkluderer de som leier bolig. Vi må si klart nei til gjengs leie i kommunale sosiale- og omsorgsboliger. Kommunale utleieboliger skal ha god standard og prisen bør ikke overstige 1/3 av inntekten til den som bor der. Det bør også stilles krav til at den enkelte kommune har et minimumskrav til antall kommunale boliger i forhold til folketallet.

Begrunnelse: Boligen skaper nå nye klasseskiller i Norge gjennom arv og de svære prisforskjellene mellom sentrale og mindre sentrale områder. For unge, enslige og alle med mindre kjøpekraft, er det blitt nesten umulig å skaffe seg noe godt og sentralt. Det er få utleieboliger eid av kommunene i Norge. Markedet er dominert av private aktører. Utleieleiligheter er blitt investeringsobjekter med stor avkastning, og enkelte eiendomsbaroner har blitt søkkrike på å eie utleiemaskiner. Leieprisene er for tiden høye og mange av utleieboligene er for dårlige. De som er avhengig av å leie bolig

over tid står svakt. Og for mange innebærer det uforholdsmessig høye boutgifter, ofte dårlig standard og hyppige flyttinger. Det er en påstand at i Norge finnes det ingen boligpolitikk, og at markedskreftene har tatt helt overhånd. Skal vi gjøre noe med den økende fattigdommen i Norge, så må vi også gjøre noe med boligsituasjonen til sårbare grupper,

Innstilling: Møre og Romsdal Arbeiderparti mener Arbeiderpartiet må legge fram en boligsosial handlingsplan, som også inkluderer de som leier bolig. Vi må si klart nei til gjengs leie i kommunale sosiale- og omsorgsboliger. Kommunale utleieboliger skal ha god standard og prisen bør ikke overstige 1/3 av inntekten til den som bor der. Det bør også stilles krav til at den enkelte kommune har et minimumskrav til antall kommunale boliger i forhold til folketallet.

12. Forslagsstiller: SUNNDAL ARBEIDERPARTI

Forslag: Møre og Romsdal Arbeiderparti må legge press på Helse Møre og Romsdal om å øke bevilgningene til psykisk helse, øke antallet sengeplasser for alvorlig syke og jobbe for at psykisk helsevern i fylket blir styrket!

Begrunnelse: Det er svært bekymringsfullt at Helse Møre og Romsdal ser ut til å skulle trosse oppdraget fra regjeringen om å styrke psykisk helsevern, og legger opp til et budsjett som prioriterer ned psykisk helsevern og rusbehandling.. De ansatte har meldt tydelig ifra om denne bekymringen, og den er klart beskrevet i protokollen i styrepapirene. Likevel gikk budsjettforslaget om kutt i psykisk helsevern på 10 millioner, glatt gjennom i styremøtet i Helse Møre og Romsdal. Blant flere spørsmål som bør stilles, er dette kanskje det viktigste: Er det valgfritt for Helse Møre og Romsdal om de vil følge regjeringens vilje eller ikke? Psykisk helse har ikke blitt prioritert de siste årene, og nå kommer det i tillegg et forslag om budsjettkutt. Det betyr at enda flere psykisk syke ikke vil få hjelpen, utredningene, terapiene og innleggelsene de trenger. Kuttene vil forverre situasjonen for pasientene og deres pårørende, for samfunnet – og for dem som jobber i psykisk helse-feltet. Antallet som søker hjelp, og alvorlighetsgraden i lidelsene de søker hjelp for, har begge stigende grafer de siste årene.

Innstilling: Se forslag 56.

13. Forslagsstiller: AVERØY ARBEIDERPARTI

Forslag: Arbeiderpartiet skal være en garantist for at norske husstander og norsk industri har nok kraft til en lav og forutsigbar pris, som står i samsvar med produksjonskostnaden på vannkraft i Norge. Arbeiderpartiet skal finne og iverksette tiltak for å stoppe prissmitten på norsk strøm fra høyprismarkeder i utlandet, og slik sikre norske bedrifter og husstander stabil strømpris som er lavere enn i landene Norge konkurrerer med.

Begrunnelse: Dette er grunnlaget for velferdsstaten, med små forskjeller og arbeid til alle. Det er nedfelt i vårt prinsippprogram og det har vært og det er vår lovnad til våre velgere.

Innstilling: Oversendes redaksjonskomitéen for en helhetlig uttalelse om kraft.

14. Forslagsstiller: **VOLDA ARBEIDERPARTI**

Forslag: Møre og Romsdal Arbeiderparti skal jobbe for finansieringsordningar som gjer at omsorgstrengande kan finansiere eigen tilrettelagd bustad, særleg med tanke på å dekke opp kostandsgapet mellom gamal bustad og ny tilrettelagt bustad. Grupper med svak økonomi og ekstra omsorgsbehov må prioriterast.

Begrunnelse:

- Talet eldre og andre med omsorgsbehov vil auke sterkt i dei komande åra på grunn av alders- og samfunnsstruktur. Demens, einsemd, fysisk utføre m.m. er aukande utfordringar.
- I bygd, tettstada, men og i byar og bynære område bur mange eldre i bustadar som ikkje er tilrettelagde for funksjonshemma og for omsorg, det er utfordringar med tilkomst, trapper, avstandar til grannar, offentlig transport m.m. Omsorgstenester er ressurskrevjande å yte.
- Det er lite tilgang på tilrettelagde bustader med lokalisering tilrettelagd for behova til dei som er omsorgstrengande. Prisane er oftast høge både for kjøp og leige og slik at sal av eigen bustad på langt nær dekker kostnadene med ny og betre tilrettelagd bustad.

Innstilling: Sjå framlegg 57.

15. Forslagsstiller: **VOLDA ARBEIDERPARTI**

Forslag: Møre og Romsdal Arbeiderparti ber regjeringa igangsette bygging og finansiering av offentlege leigehusvære, som er spesielt tilrettelagd for ulike grupper av omsorgstrengande og som gjer at samfunnet og brukarane kan ha best mogleg nytte av omsorgstilbod.

Begrunnelse:

- Talet eldre og andre med omsorgsbehov vil auke sterkt i dei komande åra på grunn av alders- og samfunnsstruktur. Demens, einsemd, fysisk utføre m.m. er aukande utfordringar.
- I bygd, tettstadar men og i byar og bynære område bur mange eldre i bustadar som ikkje er tilrettelagde for funksjonshemma og for omsorg, det er utfordringar med tilkomst, trapper, avstandar til grannar, offentlig transport m.m. Omsorgstenester er ressurskrevjande å yte.
- Det er lite tilgang på tilrettelagde bustader med lokalisering tilrettelagd for behova til dei som er omsorgstrengande.
- Skal kommunane verte i stand til å omstille seg i tråd med den venta demografiutviklinga så må kraftige stimuleringstiltak på plass.
- Også talet på unge med store omsorgsbehov er aukande i mange kommunar. Her må innsatsen aukast.

Innstilling: Sjå framlegg 57.

16. Forslagsstiller: **VOLDA ARBEIDERPARTI**

Forslag: Møre og Romsdal Arbeiderparti skal arbeide for å sikre at alle vidaregåande skular i Møre og Romsdal har ein miljøkoordinator tilsett. Miljøkoordinator bør samarbeide tverrfagleg med rådgjevarar, skulehelsetenesta og andre eksterne samarbeidspartnarar.

Begrunnelse: Det er sterk auke i talet på unge med psykisk uhelse. Vi ser aukande utfordringar knytt til bruk av sosiale media, netthets og påfølgjande skulevegring og høgt konfliktnivå mellom elevar.

Ein miljøkoordinator sine arbeidsområde skal vere retta mot arbeidsoppgåver knytt til skulemiljø for å førebyggje og forhindre mobbing og redusere fråfall i skulen. Dette er i dagens skule viktigare enn nokon gong
Ansvarsoppgåver kan vere td. sosiale aktivitetar i skulekvardagen, sosialpedagogiske samtalar med enkeltelevar og oppfølging av ulike tiltak rundt elevar og/eller klassar. Der det er mange hybelbuarar kan ein td tilby open skule ein kveld i veka der miljøkoordinator har eit eige ansvar.

Innstilling: Oversendast fylkestingsgruppa.

17. Forslagsstiller: VOLDA ARBEIDERPARTI

Forslag: Møre og Romsdal Arbeiderparti vil jobbe for å endre helseforetaksmodellen. Spesialisthelsetenesta må ha større innslag av politisk styring enn i dagens modell.

Begrunnelse: Vi opplever at helseforetaket gjer vedtak som får store konsekvensar for kommunane sin økonomi og tenesteproduksjon. Sentralisering og nedskjering utan tilstrekkeleg samhandling fører til ei administrativt styrt oppgåveforskyvning utan politisk forankring. Dette går utover pasientane innan td rus/psykiatri, rehabilitering og ulike kroniske tilstandar. Det er trong for meir heilskapleg styring av det totale tenestetilbodet innan helse og omsorgssektoren, dei ulike nivåa må styrast meir med tanke på den samla samfunnsøkonomien. Då kan ikkje spesialisthelsetenesta lenger styrast som bedrifter etter New Public Management tankesettet.

Innstilling: Sjå framlegg 77.

18. Forslagsstiller: SYKKYLVEN ARBEIDERPARTI

Forslag: Det har gått 1 år og 4 mnd. siden Fosen-dommen, Sykkylven Arbeiderparti ber nå om at regjeringen innfrir dommen i høyesterett.

Begrunnelse: Høsten 2021 dømte Høyesterett vindkraftkonsesjonen på Fosen ugyldig. De slo fast at anlegget bryter med samiske menneskerettigheter. Regjeringen har i lenger tid forsøkt å finne løsninger, som blant annet sikre at vindkraftanlegget ikke ødelegger vinterbeitene til reinen, som dommen fastslår at det gjør. Regjeringen håper fortsatt det skal finnes en løsning som gjør at vindmøllene ikke må rives, og at samenes vinterbeite ikke blir ødelagt. Vi mener nå at regjeringen må sette en sluttstrek for saken og innfri dommen i høyesterett.

Innstilling: Møre og Romsdal Arbeiderparti mener samer og andre urfolks rettigheter må vektlegges i vindkraftutbygginger mv, slik høyesterett slår fast i den såkalte Fosen-dommen.

19. Forslagsstiller: SYKKYLVEN ARBEIDERPARTI

Forslag: Viktig afghansk aktivist fanga i asylkø: – Norge kneblar ei viktig stemme Sykkylven Arbeiderparti ber UDI/ regjeringen snarest innvilge asyl for Hoda Khamosh.

- Begrunnelse:** «Hoda Khamosh er kåra til ei av dei mest innflytelsesrike kvinnene i verda, men no sit ho på eit norsk asylmottak. I over eitt år har ho sett arbeidet for menneskerettar på vent medan ho ventar på svar på ein asylsøknad.»
Denne overskrifta er henta frå NRK nå i februar 2023.
I januar 2022 vart Hoda Khamosh invitert til Norge (Oslo) for samtaler om rettene til kvinner i heimlandet Afghanistan.
Khamosh var ikkje en tilfeldig gjest. Hun vart utpekt til en av dei viktigste personene i verden av både Time Magazine og BBC.
Hun sier at hun ikke forstod hvor store konsekvensene møtene ville få.
Hun er blitt en farlig motstander og et mål for Taliban, så det blir farlig for henne å reise hjem til Afghanistan, hun har derfor søkt asyl i Norge.
Hun har måtte sette arbeidet for menneskerettigheter på vent så lenge hun ikke får svar på asylsøknaden. Vi mener at det eneste rette er å innvilge Hoda Khamosh opphold snarest.
- Innstilling:** Møre og Romsdal Arbeiderparti krev at Regjeringa straks finn ordningar som ivaretek menneskerettane også for papirlause flyktningar.
Møre og Romsdal Arbeidarparti er også svært kritisk til at identitetsavklaringsprogrammet for irakarar tek så lang tid, og krev at dette arbeidet blir sluttført før sommaren 2023.
Asylsøkarar også med avklart identitet, som Hoda Khamosh frå Afghanistan, må få avklara søknadene sine, utan ugrunna opphald.
Flyktningar som får innvilga søknadene, må få personnummer/D-nummer, så dei får tilgang til nødvendige dokument for å kunne leve normale liv.

20. Forslagsstiller: SYKKYLVEN ARBEIDERPARTI

- Forslag:** Sykkylven Arbeidarparti ønskjer at Arbeidarpartiet nasjonalt set endå meir fokus på alternative opplæringsarenaer for å styrke tilpassa opplæring. Dette vil bidra til auka motivasjon og interesse for læring, førebuing til arbeidslivet, auke mangfaldet og auke elevane sin sjølvstendigheit og ansvarlegheit. Alternative opplæringsarenaer gir elevar moglegheita til å lære på ein måte som passar deira individuelle læringsstilar og behov. Dette kan vere svært nyttig for elevar som kanskje ikkje presterer så bra i tradisjonell klasseromssetting, men som kan få ein heilt annan oppleving av læringa gjennom alternative metodar. Slik som uteskule, gårdsskule og tilsvarende alternative tilbod.
- Begrunnelse:** Den statlege satsinga «kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» skal bidra til at fleire elevar kan få hjelp og tilpassing i klasseromsfellesskapet. Forklaringa som blir gitt er at ein del elevar opplever det som vanskeleg å måtte forlate dette fellesskapet for å gå til gruppe- eller eineundervisning. Dette av den grunn at elevar mister også ein del læring i det sosiale fellesskapet og heilskapen i det som skjer i klassa forøvrig, av både faglege og sosiale aktivitetar. Om ein legg perspektivet til den statlege satsinga til grunn, er det lite rom for å gi andre elevgrupper alternative opplæringsarenaer utanfor skulen.
Sykkylven Arbeidarparti har fått mange tilbakemeldingar frå fagpersonar i skuleverket på korleis kommunar og skoleeigarar tolkar denne statlege satsinga. Lærar viser til at det er mange barn og unge som treng eit anna alternativ enn ordinær opplæring i klasserommet. Der klasserommet og skulebygget blir opplevd som ei tvangstrøye for einskilte elevgrupper. Denne gruppa med elevar finn det svært vanskeleg å vere i klasserommet og finn det også vanskeleg å tilpasse seg sosialt.

Sykkylven arbeidsparti meiner det er viktig at elevar som treng øving på spesifikke område også kan få høve til å få dette i meir skjerma omgjevnadar. Skjerming og pausar i løpet av dagen for å roe ned stressnivå og hente seg inn att er viktige element for desse elevane. Å heile tida må vere på skulen gjer også at desse elevgruppene blir stigmatiserte for sine utfordringar. Det å ikkje kunne fungere i samspel med skulen sine rammer og sosiale settingar, vil påføre dei nederlag på nederlag og til slutt også kunne føre til fråfall i skulen.

Å gjer noko anna enn ordinært skulearbeid nokre dagar eller timar i veka som arbeide på ein gård eller ha ein eller annan form for uteskule, kan og har vore redninga for mange unge. Sykkylven arbeidsparti ønskjer difor at Arbeidarpartiet set endå meir fokus på alternative opplæringsarenaer for å styrke tilpassa opplæring for den elevgruppa som treng det. Dette vil bidra til auka motivasjon og interesse for læring, forbetre elevane sin førebuing til arbeidslivet, auke mangfaldet og auke elevane sine sjølvstendighet og ansvarlegheit.

Innstilling: Møre og Romsdal Arbeidsparti krev at Arbeidarpartiet nasjonalt aukar innsatsen på alternative opplæringsarenaer for å styrke tilpassa opplæring. Dette vil bidra til auka motivasjon og interesse for læring, førebuing til arbeidslivet, auke mangfaldet og auke elevane sin sjølvstendighet og ansvarlegheit. Alternative opplæringsarenaer gir elevar moglegheita til å lære på ein måte som passar deira individuelle læringsstilar og behov. Dette kan vere svært nyttig for elevar som kanskje ikkje presterer så bra i tradisjonell klasseromssetting, men som kan få ein heilt annan oppleving av læringa gjennom alternative metodar. Slik som uteskule, gårdsskule og tilsvarende alternative tilbod.

21. Forslagsstiller: SYKKYLVEN ARBEIDERPARTI

Forslag: Helse er ikkje butikk, vi kan ikkje finansiere helsevesenet slik det blir gjort i dag. Staten må overta sjukehusa, vi kan ikkje overlate drifta til styrer i helseføretaka, som berre tenker på kr / budsjett og gløymmer pasienten. Fastlegeordninga må styrkast og det må utdannast fleir legar/sjukepleiarar og helsefagarbeidarar. Kommuneøkonomien må styrkast slik at dei blir i stand til å ivareta utskrivingsklare passientar og ei aldrande befolkning med aukande demens sjukdom.

Begrunnelse: Utfordringane innan helsevesenet står i kø, vi ser og høyrer i media at mange av helseføretaka/sjukehusa må skjere ned på aktiviteten og passientbehandlinga for å halde budsjetta. Dette går ut over passienttilbodet og dei tilsette er uroa over nedbemanning. Mange kommunar er ikkje i stand til å ta i mot utskrivingsklare passientar, pga manglande kapasitet og fagkunnskap. Dette fører igjenn til press på sjukehusa. Det er viktig å bygge opp kompetanse nedan frå, slik at dei som er spesialist utdanna får bruke kompetansen sin til det beste for pasiantane. Rutine arbeid kan gjerast av andre helsearbeidarar. Dette kostar, men vi har ikkje råd å la vær.

Innstilling: Sjå framlegg 77.

22. Forslagsstiller: SYKKYLVEN ARBEIDERPARTI

Forslag: Sykkylven Arbeiderparti mener Verneplikttjeneste kan deles inn i en forsvars del og en sivil del. Det er mye ubrukte ressurser i den sivile delen av verneplikten, som kan brukes i vårt samfunn.

Begrunnelse: Verneplikt er i utgangspunktet en plikt for alle i vårt samfunn, men det er mange som ikke kommer inn i forsvaret av forskjellige grunner. De skal blant annet være motivert og ved god helse. Det er nå ca. 7500 personer som avtjener verneplikt (13% av et årskull), men de resterende ungdommene slipper dette av forskjellige grunner. Det vil si at 87% av ungdommene slipper verneplikt. Sykkylven Arbeiderparti ønsker å bruke disse ledige ressursene til å hjelpe eldre og andre som har et behov for hjelp i dagliglivet. Spesielt på grunn av eldrebølgen som vi allerede merker godt. Det kan være besøktjeneste, hjelp i hverdagen, snømåking osv. Mye av dette vil lette arbeide hos Sykepleiere og Helsefagarbeidere, som ofte ikke vil ha tid til det sosiale hos mange av de eldre og andre personer med behov for både hjelp og sosial kontakt. I stedet for rekruttskole, kan man ha kursing i «mennesker møter mennesker», førstehjelp, etikk osv. Det er selvfølgelig noen som ikke vil være interessert i å være med på dette eller ikke evner det, men mange bør få mulighet til prøve. Avtjeningen av den sivile verneplikten må også gi dem poeng som vil telle ved opptak til studier når de er ferdig med tjenesten.

Innstilling: Møre og Romsdal Arbeidarparti meiner ein må utrede ny modell for sivil og militær samfunnstjeneste for ungdom.

23. Forslagsstiller: HARAM ARBEIDERPARTI

Forslag: Den situasjonstilpassede innføringen av ekstra arbeidsgiveravgift på 5% på lønn over 750.000 som er innført fra 1.1.2023 bør fjernes snarest.

Begrunnelse: Haram Arbeiderparti frykter at denne avgiften rammer uforholdsmessig negativt i små og mellomstore grunder-, kompetanse- og teknologibedrifter. I disse bedriftene er det ofte lav inntjening og forholdsvis mange ansatte med lang utdanning og høy kompetanse, ofte med lønn over 750.000,-. Dessuten vil den ekstra arbeidsgiveravgiften slå inn på lønn allerede betydelig under 700.000, da grunnlaget for avgiften skal inkludere arbeidsgivers naturalytelser og pensjonsinnskudd. En kan og frykte at dersom avgiften på 5% blir stående vil selskaper med lav inntjening ikke inngå frivillig tjenestepensjonssparing. Det vil i så fall også ramme arbeidstakerene. Det er ett paradoks at regjeringen tror den auka arbeidsgiveravgiften på kort sikt kan taes ut i auka priser, samtidig som Norges Banker auker renta for å dempe prisveksten.

Innstilling: Møre og Romsdal Arbeidarparti krev at den midlertidige arbeidsgiveravgifta på 5% på lønn over 750.000 blir fjerna så snart som råd.

24. Forslagsstiller: HARAM ARBEIDERPARTI

Forslag: Utbetring av eksisterande vasskraftverk kan betre kraftsituasjonen i landet. Arbeiderpartiet må finne løysingar for å gjere det meir attraktivt/pålegge kraftprodusentane å effektivisere produksjon

Begrunnelse: Det har dei siste åra vert gjort betydelige utvidelser og oppgradering av eksisterande vannkraftverk som ifølge NVE har gitt en økning i produksjon på 5 TWh. Mye av denne oppgraderingen har blitt finansiert gjennom subsidieordningen med grønne sertifikater. Produsentene har på den måten fått inntekt fra salg av el-sertifikater i tillegg til kraftprisen. Dette har ført til at lønnsomheten har økt og er en medvirkende årsak til at mange av prosjektene har blitt gjennomført. Ordninga med grønne sertifikater er no avslutta, men det er fortsatt betydelig potensiale i utvidelse og oppgradering av eksisterande vannkraftverk. Det er derfor viktig at det blir funnet løsninger som fortsatt gjer det attraktivt for straum produsentane å investere, effektivisere og fornye. Med dagens inntjening og forventa inntjening basert på høgare priser på energi i framtida bør det uansett være attraktivt for produsentane å auke produksjon.

Innstilling: Oversendes redaksjonskomitéen for en helhetlig uttalelse om kraft.

25. Forslagsstiller: HARAM ARBEIDERPARTI

Forslag: Betre stønader til hushaldningane som gir ein langvarig effekt i høve energitiltak og sparing av energi i heimen.

Begrunnelse: Norge er eit langstrakt land med ulikt klima og naturgrunnlag. For å imøtekomme kraftkrisa er det viktig at ein har ei tilnærming der ein nyttar seg av fleire ulike løysingar for energieffektivisering for hushaldningane. Det bør gis støtte til ulike tiltak som gir ein langvarig effekt for straumforbruket for hushaldningane. Solceller der de egner seg best, jordvarme der et egner seg best, sjøvarme der det egner seg best osv. Ei utfordring er å få private huseigarar til å gjennomføre slike tiltak, og å få dei til å prioritere dei rette tiltaka. . Energieffektivisering inneber ofte ei stor investering, noko som ikkje alle har moglegheit til å finansiere. Det er eit stort potensial for energieffektivisering i norske bygg. Det er anslått at med lønsam energieffektivisering i norske bygg kan 13 TWh frigjerast, noko som svarar til 10 prosent av total straumbruk i Noreg. Potensialet er vist å vere enda større – ei større satsing på energieffektivisering med mellom anna utstrekt bruk av varmepumper kan frigjere 22 TWh i 20150.

Innstilling: Oversendes redaksjonskomitéen for en helhetlig uttalelse om kraft.

26. Forslagsstiller: HARAM ARBEIDERPARTI

Forslag: Forske fram løysingar for å minke svinn ved overføring av energi.

Begrunnelse: I dag har vi ikkje løyst svinn frå straum som går frå a til b. Når vi veit at 20% av straumen forsvinn via frakt gjennom leidningsnett, kabel, burde dette vere noko som blir prioritert og lagt til som forskningsfelt.

Innstilling: Oversendes redaksjonskomitéen for en helhetlig uttalelse om kraft.

27. Forslagsstiller: HARAM ARBEIDERPARTI

Forslag: Haram Arbeiderparti vil at Møre og Romsdal fylke finn ei løysing for reduksjon av satsane for Nordøyvegen slik at vegen kan stimulere til vekst på Nordøyane og Harøy i større grad enn no.

Begrunnelse: Haram Arbeiderparti ønskjer at Møre og Romsdal fylke skal arbeide for at satsane for bruk av Nordøyvegen blir reduserte til eit nivå tilsvarande satsane for den tidlegare ferjestrekninga Skjelten- Nordøyane. Satsane er no så høge at dei utgjer ein urimeleg stor sum kvar månad for dei som pendlar. Intensjonane med Nordøyvegen var mellom anna at den skulle lette kommunikasjonen til og frå øyane og stimulere til at folk kunne pendle og tiltrekke seg både nye innbyggjarar og nytt næringsliv. Satsane som er no er med på å utarme folk og næringsliv i staden for å stimulere til vekst. Ein reduksjon til satsane for tidlegare ferjestrekning vil vere ei god løysing for folk og næringsliv.

Innstilling: Oversendes fylkestingsgruppa.

28. Forslagsstiller: HARAM ARBEIDERPARTI

Forslag: Haram Arbeiderparti ber om at nedlegginga av Eldreombodet vert stoppa.

Begrunnelse: Haram Arbeiderparti ønskjer at den planlagde nedlegginga av Eldreombodet blir stoppa. Ombodet spelar ei viktig rolle i arbeidet med å ha fokus på dei eldre sin situasjon på alle områder i samfunnet. Situasjonen for dei eldre har fått stor merksemd dei siste åra og sjølv om store delar av dei eldre har store ressursar for å kunne tale eiga sak, så vil det vere mange som treng ombodet for å peike på sider som stat og kommune bør ha fokus på og forbetre. Det er viktig å styrke dei eldre sine rettigheter og plass i samfunnet og ikkje svekke den. Det er også slik at det verkar useriøst å opprette Eldreombodet i 2021 for så å legge det ned i 2023. Det svekker tilliten til Regjeringa si evne til å planlegge og gjennomføre slike satsingar. Haram Arbeiderparti meiner at ei nedlegging av Eldreombodet vil føre til eit mindre aldersvennleg samfunn og krev at dei eldre har eit talerør og ein lyttepost for å fange breidda i dei eldre sine interesser og behov.

Innstilling: Sjå framlegg 77.

29. Forslagsstiller: HARAM ARBEIDERPARTI

Forslag: Haram Arbeiderparti meiner at Arbeiderpartiet må utarbeide ein ny sosial profil med nye løysingar tilpassa dagens utfordringar.

Begrunnelse: Velferdsstaten fungerer ikkje lenger godt nok for store grupper i samfunnet. Fleire grupper har i tida som har gått falle mellom to stolar når det gjeld å oppretthalde eit akseptabel nivå for å takle dei daglege utgiftene. Dette er grupper som NAV i stor grad har ansvar for og som no opplever ei dyrtid med aukande prisar, aukande inflasjon og aukande renter. Dei dette gjeld vil ha problem med å oppretthalde ein akseptabel levestandard. Dette fører også til ein lågare livskvalitet for mange. Ei ny nemning har dukka opp i media og politikken og det er «barnefattigdom». Dette er ein konsekvens av at ulike grupper ikkje greier å ha ein økonomi som har rom for at borna også skal kunne ha eit liv på linje med andre born i Noreg. Det kan vere at dei fell utanfor i fritidsaktivitetar som krev utstyr, påmeldingsavgifter osv. Ei styrking av desse familiane er viktig så utanforskapen ikkje får auke i Noreg. Desse gruppene har hatt velferdsstaten i ryggen tidlegare, men opplever no at satsane for å ha eit verdig liv ikkje strekk til. Fattigdomen er i ferd

med å gjere sitt inntog i Noreg att og som det leiande sosialdemokratiske partiet i Noreg med ein arv som forkjempar for dei som fell utanfor må Regjeringa finne ei løysing på korleis desse gruppene skal inkluderast betre i velferdsstaten.

Innstilling: Sjå framlegg 57.

30. Forslagsstiller: HARAM ARBEIDERPARTI

Forslag: Tiltak for å styrke rekruttering av tannleger til det offentlege må intensiverast.

Begrunnelse: Stadig større vanskar med å rekruttere tannlegar ut i distrikta gjer at dei offentlege tannhelseklinikkane må avslå pasientar og henvise dei til å nytte seg av private aktørar. Det er i likheit med andre helserelaterte yrker utfordringar med rekruttering i distrikta. Dei private klinikkane konkurrerar med det offentlege. Difor må sikre tiltak som gjer det attraktivt å arbeide som tannlege i det offentlege så vel som det private, som eit ledd i å få gode nok tilbod i heile landet.

Innstilling: Se forslag 77.

31. Forslagsstiller: HARAM ARBEIDERPARTI

